

# Årsmøte i Herand Vasslag SA

27.mai kl. 19.00 i Herand kulturhus

## **Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent*

## **Sak2. Val av referent for årsmøte og to til underskriving av referatet**

*Vedtak: Reidun Haugen Dalseth vart valt til referent*

*Nils Svåsand og Lars Sævarhagen vart valt til å skiva under referatet.*

## **Sak 3. Årsmelding**

Leiar leste styrets årsmelding

*Vedtak: Årsmelding var godkjent årsmøtet utan merknad*

## **Sak 4. Revidert rekneskap**

Bjørg Tolås la fram rekneskapen

*Vedtak: Rekneskapen blei godkjend slik den låg føre*

## **Sak 5. Val av formann, styremedlemer og varamedlemer**

På val: Olav Håvik (leiar) Reidun Haugen Dalseth (styremedlem) Sigmund Eiken og Kåre Svåsand varamedlemmer. Alle var villig til å ta attval.

*Vedtak: Alle som var på val vart attvalde ved akklamasjon.*

## **Sak 6. Fastsetting av tilkoplingsavgift og årsavgift**

Styret la fram sitt forslag. Jon Olav Håvik og Ingrid Stranden leverte eit skriftleg alternativt forslag som vart referert for årsmøtet. Jon Steinar Skeie varsla at han hadde eit anna forslag som han la fram munnleg.

Årsmøtet vedtok å stemma over styret sitt forslag først. Det blei nedstemt med 13 mot 11 stemmer. Jon Steinar Skeie trekte deretter sitt forslag. Jon Olav Håvik og Ingrid Stranden sitt forslag blei teke opp til diskusjon. Det vart reist spørsmål det ville vera nok inntekt dersom vi vedtok dette. Eksakt talgrunnlag var ikkje til stades, men det blei kommentert at det truleg ikkje ville verta så stor forskjell i beløpet. Forslaget vart teke opp til avstemming, og fekk 19 stemmer .

*Vedtak: Årsavgift 100% vart fastsett til kr 5000*

*Hus med driftsbygning: 1 avgift - 5000*

*Ekstra hus med vasstilkopling: 50% avgift - 2500*

*Hytte: 75% - 3750*

*Utleigehus pr eining: 20%*

*Tilknytingsavgift vert 25 000 med moms. 30 000*

### **Sak 7. Vilkår for Haugen og Ytre Vik om tilknytning til vasslaget.**

Med grunnlag i rådgiving frå konsulent selskapet H2, la styret fram forslag til vilkår.

I vilkåra var det blant anna eit forslag om å setja som vilkår at alle noverande partar i Haugen Ytre Vik Vasslag måtte bli med. Det vart endra til at ein krev ein samla sum frå vasslaget på 250 000 eks moms som tilsvarar vedteke tilknytingsavgift om alle 10 potensielle partar blir med.

*Vedtak: Med denne endringa bli dei framlagde vilkåra vedtekne. Full tekst av vilkår er protokollført i eige vedlegg.*

### **Sak 9. Ansvar for stoppekran og stikkledning på privat grunn (orienteringssak)**

Det har vore stilt spørsmål om kven som har ansvaret for dette. Leiar viste til 2 i vedtektene der det står at dette er grunneigar sitt ansvar.

### **Sak 8. Eventuelt**

#### **a. Kassakreditt**

På noverande tidspunkt har vi ikkje full oversikt over utgifter resten av året, og det nødvendig å ha ei sikring av likviditet. Styret bad derfor om fullmakt til å ta opp ein kassakreditt på kr 500 0000.

*Vedtak: Årsmøte godkjende einstemmig å gi styret fullmakt til å ta opp ein kassakreditt på kr. 500 000*

#### **b. Timepris for vedlikehaldsarbeid**

Styret opna for ein diskusjon om vi bør å auke timeprisen som er kr 200 for vedlikehaldsarbeid. Denne har vore uendra frå 2014.

*Vedtak: Årsmøtet godkjende eit benkeforslag om å heva timelønna til kr 250.*

#### **c. Tilsyn med anlegget**

*Vedtak: Årsmøtet gav styret fullmakt til å tilsetje nokon som kan ha fast tilsyn med anlegget og til å forhandle om lønn til denne.*

*Jan Jørgensen*  
*Nils P. S. and*